

# Kvalitetsutvikling og forbetningsarbeid i spesialisthelsetenesta

---

Tema for PhD-avhandlinga er kvalitetsutvikling og forbetningsarbeid i spesialisthelsetenesta. I kva grad gir eit slikt arbeid reelle og varige forbetningar som bidreg til å løyse helsetenesta sine overordna utfordringar knytt til effektiv ressursutnytting og kvalitet på tenesteproduksjon? Ein vil og sjå på kva som må ligge til grunn for å lukkast med forbetningsarbeid samt vedlikehald av endringane.

Det overordna målet for helsevesenet er å gjere tenestene betre og sikrare for pasientane, samstundes som ein sikrar god og rettferdig ressursutnyttig for individet og samfunnet. Den teknologiske utviklinga gjer stadig nye og ofte dyre behandlingsformer moglege, samstundes som den einskilde sine forventingar til kva som skal og kan behandlast aukar. Det offentlege har såleis store og veksande utgifter til helsetenester, og kjem i ei klemme mellom kostnadsreduksjon og kravet til kvalitet på tenestene.

Prosjektet vil bli gjennomført som ein case-studie med utgangspunkt i *Forbetningsprogrammet* til Helse Førde.

Institusjonell tilknytning: Institutt for samfunnsmedisin, Universitetet i Bergen

Prosjektperiode: 2009 - 2011